



ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Astri Holte, 5557 2319
Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Uttale - Dispensasjon - Alver 340/8 - Espetveit - deponi av massar


Vi viser til brev frå kommunen datert 02.05.23. Saka gjeld søknad om deponering av massar. Kommunen opplyser at føremålet er nydyrking av 28 daa. Tiltak er opplyst med eit omfang på om lag 100 000 kubikkmeter.

Eigedomen ligg i uregulert område, innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF og LNF spreidd næring. LNF-næringsområdet er areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket (jf. føresegn 3.2.1 tabell 8)

Kommunen vurderer at tiltaket er i samsvar med LNF-formålet i kommuneplanen. Dette er ettersom tiltak er meint til å vere i samsvar med eksisterande landbruksdrift.

Statsforvaltaren si vurdering

I reguleringsplan for fv. 5310 Fosse-Moldekleiv er sett krav om masshandteringsplan før ein kan starte arbeidet. Vi kan ikkje sjå at den er lagt ved her. Det er viktig at ein har massehandteringsplanen på plass, som eit kunnskapsgrunnlag før ein startar å deponere massar. Dette skal mellom anna sikre at massehandteringa er i samsvar med avfallspyramiden.





Søknaden er dårleg opplyst med tanke på kva som er behovet for landbruket. Søknaden gjere heller ikkje greie for om det er nok matjord frå vegprosjektet til å opparbeide omsøkt areal til dyrka mark med tilstrekkeleg kvalitet. Det er svært uheldig å starte med deponering, med premiss om opparbeiding av dyrka mark, utan å vite om ein har nok jord som er eigna. Om ein ikkje oppnår målet, å opparbeida arealet til landbruksareal, vil ikkje tiltaket vere i samsvar med verken LNF-spreidd næring eller LNF-formålet ved ferdigstilling.

Tilhøvet til kommuneplan for tidlegare Meland kommune

Tiltaket skal som nemnt ligge i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF og LNF spreidd næring. Og LNF-næringsområdet er areal for overskotsmassar til jordforbetringstiltak innan landbruket (jf. føresegn 3.2.1 tabell 8).

I kommuneplanen for Meland vart det ved siste revisjon sett av fleire areal for handtering av massar. I den prosessen vart det vurdert eit større areal for bruk av overskotsmassar i dette området. Etter at arealet var vurdert i konsekvensutgreiinga vart storleiken redusert (<https://www.nordhordlandskart.no/WebServices/generic/Media.aspx/Download?&uuid=e263538a-eeac-428c-9e6e-8be227fb5644>). Konsekvensutgreiinga peika mellom anna på dårlege vegar for frakting av massar og nærleik til myr og vassdrag, som grunnlag for å redusere arealet.

Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med LNF-formålet. Statsforvaltaren kan vere samd i at når arealet er ferdig opparbeida til landbruksareal vil arealbruken i utgangspunktet vere i samsvar med eit LNF-formålet. Kommuneplanen har likevel tatt konkret stilling til at deler av omsøkt areal ikkje skal nyttast til dette.

Sjølv om det vert vurdert at tiltaket når det er ferdigstilt vil vere i samsvar med LNF-formålet, vil det ofte vere naudsynt med ein midlertidig dispensasjon frå formålet i slike saker. Det er opplyst i søknaden at anleggsperioden mest sannsynleg ikkje vert lengre enn tre år. Det er ikkje opplyst ikkje kor tid arealet kan nyttast som LNF-område, og det er som nemnt usikkerheit kring tilgang på matjord.

Kommuneplanen har også ei generell byggegrense mot vassdrag på 50 meter. Det er merka av fleire bekkar i området der deponiet skal ligge. Vi ber kommunen vurdere om det er naudsynt med dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag.

Plankrav

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket er reguleringspliktig etter plan- og bygningslova § 12-1. Om tiltaket kan få vesentleg verknad på miljø og samfunn, og/ eller er eit større anleggstiltak, vil det vere reguleringspliktig. Statsforvaltaren si vurdering at det er fleire aktuelle og viktige forhold som må utgreiast, før ein kan rekne saka som tilstrekkeleg opplyst til å kunne ta stilling til om området er eigna til deponi og oppdyrking. Dette gjelder særleg konsekvensar for landskap (nær- og fjernverknad), trafikktryggleik, støy, støv, klima og naturmangfald.

Deler av arealet er registrert som myr. Statsforvaltaren er som utgangspunkt, med bakgrunn i statlege føringar for arealpolitikken kritisk til nedbygging av myrareal. Deponering av massar her vil kunne få negative konsekvensar økologisk, hydrologisk og for karbonfangst spesielt. Avrenning frå deponi og mot vassdrag er også viktige forhold som må belysast nærare. Området ligg mellom anna innanfor verneplan for Rylandsvassdraget og i nedbørsfelt for drikkevatt. Det er opplyst også i søknad at vassførekomstane som tiltaket drenerer mot, har definert miljøtilstand lågare enn



miljømålet i vassforskrifta. Vi meiner difor at avrenning og konsekvensar for myr og vassførekomstane må vurderast nærmare.

Det er søkt deponering av om lag 100 000 kubikkmeter masser. Dette er store mengder, som vil føre til endra landskap, og mye transport av massar, sjølv om vi forstår det slik at tiltaksområdet ligg i relativ nærleik. Konsekvensar for landskap, trafikktryggleik, støy og støv bør belysast nærare.

Litt om konsekvensar for myr

Å leggje massedeponi på myr er skadeleg både for artsmangfaldet/livsmiljøa på myra og for rolla myra har som klimagass-sluk. Ei levande og velfungerande myroverflate er viktig for begge delar. For å ta det som har med klimagassar å gjere, har topplaget i myra to viktige funksjonar:

- 1) Det er her torvmosane veks og bind CO₂ frå lufta på same måtar som andre plantar gjer.
- 2) I eit visst sjikt nær myroverflata, der oksygen kjem til, lever det mikrobar som lever av å bryte ned metan som stig opp frå djupare lag av myra. Nett kor effektiv denne nedbrytinga er, veit ein ikkje heilt, sidan det er metodisk vanskeleg å måle, men sidan desse mikrobane lever saman med (eller inne i) torvmosane, meiner fagfolka det er viktig å ha eit samanhengande dekke av levande torvmose for å sikre at metanet må passere gjennom sona der mikrobane er, og ikkje slepp direkte ut i atmosfæren frå djupare torvlag.

Netto-klimaverknaden av myr er for øvrig noko som lenge har vore omdiskutert pga. at medan myra bind CO₂ i toppen, frigjer ho metan etter kvart som mosane går over til torv nede i djupet. Metanproduksjonen i djupet er ein meir eller mindre uungåeleg «bieffekt» av karbonlagringsprosessen, og sidan metan er ein langt sterkare drivhusgass enn CO₂, har det vore diskutert om denne negative effekten veg opp den positive ved karbonlagringa. Om ein ser på lange tidsperspektiv er det i alle høve den positive (karbonlagringseffekten) som dominerer, sidan metan har kort levetid i atmosfæren, men på kort sikt, slik som no som klimagassmengdene i atmosfæren bør ned raskt (og ikkje auke, heller ikkje på kort sikt) er metan viktig. Mange forskarar meiner at det meste av metanet som vert danna i djupet av myra vert brote ned att (dvs. til CO₂) når det kjem opp mot myroverflata, men at dette er svært avhengig av å ha eit velfungerande mikroøkosystem med samanhengande dekke av levande torvmosar med mikrolivet som høyrer saman med dei.

Om ein legg massefylling på ei myr vil ein truleg ta vare på karbonet som er bunde i torva så sant dette framleis vert liggjande utan tilgang til oksygen (på grunn av vassmetting) men ein mistar eit aktivt karbonsluk i form av eit areal som kunne ha halde fram med å ta karbon ut av atmosfæren vidare i framtida. Dessutan vil ein måtte forhalde seg til spørsmålet om metanutslepp frå den innestengde torva. For sistnemnde vil situasjonen truleg ha mykje til felles med avfallsdeponi, slik at det kan vere spørsmål om metanet kan og bør samlast opp på nokon måte. Dette vil kunne vere gjenstand for utgreiing gjennom en detaljplanprosess.

Landbruk og arealbehov

Søknad om nydyrking og landbruksfagleg utgreiing frå landbrukskontoret i Alver kommune er ikkje lagt ved i saka. For dispensasjon etter nydyrkingsforskrift og bakkeplaneringsparagraf i forurensingsforskrifta, er det naudsynt at kommunen gjer ei fagleg vurdering av landbruket sitt behov for arealet som skal forbeistrast og nydyrkast som følgje av tiltaket. Då deler av tiltaket vil vere nydyrking på myr, vil søknad om nydyrking også vere naudsynt. Truleg er søknadane handsama i separate saker, då det er grunneigar som står som søkar på nydyrkinga, medan tiltakshavar er søkar i denne saka. Desse sakene må sjåast i samanheng, og der kan finnast informasjon i nydyrkingssøknad som har påverknad spesielt for spørsmålet om dyrking av, eller i dette tilfellet på, myr. Ei landbruksfagleg vurdering frå kommunen ville også kunne belyse trongen for jordbruksareal



på bruket og ikkje minst vise grunnlag for eventuell dispensasjon frå forbodet mot dyrking av myr, jamfør forskrift om nydyrking §5.

Men så vidt Statsforvaltaren kan sjå er det registrert aktivt landbruksføretak av eigar på gardsbruket, og der vert søkt tilskot ikkje berre for eige, eksisterande jordbruksareal (18 daa overflatedyrka og 9,6 daa innmarksbeite), men også for 13 daa fulldyrka jord, 41 daa overflatedyrka og 64 daa innmarksbeite på 3 andre bruk i nærområdet, i tillegg til produksjonstilskot for nærare 40 vinterfora sau. Denne gardbrukaren ser dimed ut til å drive «resten av grenda» og vil truleg vurderast å ha særst stort behov for ytterlegare areal til grovfordyrking, både for å sikre framtidig drift av eigen landbrukseigedom, å halde jordbruksareala i området i hevd, og eventuelt kunne utvide husdyrhaldet. Landbrukskontoret i kommunen må difor vurdere om ikkje behovet for areal både er stort, og avgjerande for framtidig drift på bruket og i området.

Realisering av slike prosjekt for nytting av overskotsmassar og -jord til betring og nydyrking av jordbruksareal vil vere avhengig av kostnad og skala. Dei eksisterande jordbruksareala på bruket, som er sett av til LNF næring landbruk i kommuneplanen, vil truleg ikkje vere store nok til å forsvare eit slikt prosjekt. I tillegg har bruket som sagt, truleg eit reel behov for meir areal. Sidan det ikkje finst anna alternativ for nydyrking på bruket, kan kommunen vurdere dispensasjon frå forbodet mot dyrking på myr etter forskrift om dyrking §5, som krev at eitt av tre vilkår må vere oppfylte:

1. «når grunneier mister andre produksjonsarealer på grunn av tap av leiejord eller ved utbygging i offentlig regi som samferdselstiltak eller lignende,
2. der grunneiers eneste dyrkingsressurs er myr, eller
3. for å ivareta særskilte produksjoner i myr på fjellgrunn»

Punkt 2 ser ut til å kunne vere oppfylt i denne saka, og avhenge av drifta på tre andre bruk tilseier at brukar fort kan stå i fare for å oppfylle punkt nr. 1. Dette ligg til kommunen å vurdere, og også sette opp mot omsyna som førte til at det planfesta området for jordforbetring vart innsnevra som følge av konsekvensutgreiinga i førre kommuneplanprosess. I tillegg til spørsmålet om dyrking på myr, må kommunen vurdere avrenning og sedimentering til drikkevannskjelde. Det er planlagt sedimenteringsbasseng i nedkant av fyllinga, og avstand til drikkevatt er nærare 2 km med myr.

Ut frå eit landbrukssynspunkt vurderer Statsforvaltaren at tiltaket kan ha svært positiv og naudsynt effekt for jordbruksdrifta på bruket og i nærområdet, og viser til at kommunen si landbruksfaglege vurdering må vise om føresetnadane for naudsynte dispensasjonar kan vere oppfylte.

Tiltak som krev handsaming etter forureiningslova

I [Miljødirektoratet sitt faktaark – 1243/2018](#), er det gjort klart at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall. Slike massar må dermed disponerast i tråd med avfallsregelverket. I faktaarket er det informasjon om kva som er meint med jord- og steinmassar som ikkje er forureina, og kva reglane i forureiningslova betyr for disponering av slike massar.

Dersom overskotsmassar frå anleggsarbeid skal brukast i samband med nydyrking eller bakkeplanering utan særskilt løyve etter forureiningslova § 11, er det ein føresetnad at massane ikkje er forureina, jf. Miljødirektoratet sitt faktaark. Dersom ein tek imot massar frå fleire ulike aktørar/prosjekt over tid må det vurderast om mottaket, i tillegg til løyve til nydyrking/bakkeplanering, må ha løyve etter § 29 i forureiningslova som avfallsanlegg. Fare for forureining vil da vere eit viktig vurderingstema (støv, støy, partikkelavrenning mv.). Anlegget vert da eit lovleg



avfallsmottak. Det må vidare vurderast om tiltaket er gjenvinning, deponering eller annan disponering.

Disponering av overskotsmasser er normalt rekna som gjenvinning av avfall og ikkje deponering, dersom massane erstattar andre material som elles ville blitt brukt. Vi føreset da at det er behov for massane til å forbetre jordbruksareal, og at det blir brukt til maskinell jordbruksdrift i ettertid. Om det er snakk om deponering av overskotsmassar utan nyttig føremål, vil disponeringa vere definert som eit deponi eller annan disponering. Den ansvarlege for drifta må i tilfelle avklare om tiltaket krev løyve etter avfallsregelverket.

Omgrep i avfallsregelverket

- **Jord og steinmassar som ikkje er forureina:** overskotsmassar av jord og stein frå anleggsarbeid er definert som avfall etter forureiningslova og skal behandlast i tråd med avfallsregelverket. Skal leverast til lovleg avfallsanlegg eller gjenvinning, annan disponering for enkeltprosjekt er unntak frå lova ([forureiningslova § 32](#)). Konsentrasjonar av forureiningar må vere lågare enn normverdiane i forureiningsforskrifta kap. 2, vedlegg 1.
- **Lovleg avfallsanlegg:** anlegg med løyve etter forureiningslova til å ta imot avfall, sjå [norskeutslipp](#). Anlegg som tar imot overskotsmassar frå fleire aktørar/prosjekt over tid er avfallsanlegg.
- **Gjenvinning:** tiltak der overskotsmassar kjem til nytte ved å erstatte material som elles ville blitt brukt, eller at massane er forberedt til dette ([forureiningslova § 27](#)).
- **Annan disponering:** overskotsmassar frå enkeltprosjekt som vert disponert på annan måte enn levering til lovleg anlegg eller gjenvinning krev unntak frå [forureiningslova § 32](#). Ny forskrift er under arbeid. Inntil vidare trengs ikkje unntak for disponering på land om gjenvinning er vurdert og disponeringa er avklart etter plan og bygningslova.
- **Deponi:** permanent disponeringsstad for avfall, regulert i avfallsforskrifta [kap. 9 om deponering av avfall](#). Anlegg som tar imot massar frå fleire aktørar/prosjekt over tid for permanent plassering er eit deponi om massane ikkje erstattar andre massar.

Konklusjon

Vi ønsker å vere klar på at vi vurderer at tiltaket er reguleringspliktig jf pbl. § 12-1.

Om kommunen til tross for KU-vurderinga i overordna plan, meiner at heile det omsøkte arealet kan nyttast som deponi, meiner vi det bør utarbeidast ein reguleringsplan.

Slik saka er opplyst no, er det uklart om det er nok matjord til å opparbeide arealet til dyrka mark. Det er også uklart om deponeringa er i samsvar med avfallspyramiden, sidan vi ikkje har fått oversendt massehandteringsplan frå område massane kjem ifrå. I tillegg er det problemstillingar knytt til myr, vassdrag, avrenning, støy, støv og trafikkfare som ikkje er godt nok vurdert.

Kommunen kan eventuelt vurdere om det er grunnlag for dispensasjon frå krav om reguleringsplan. Det må då søkast om dispensasjon. Vi meiner uansett at saka då må opplysast betre, og vi ber i så fall om å få saka til uttale på nytt.



Vi ber også kommunen om vurdere på ny om tiltaket krev midlertidig eller varig dispensasjon frå LNF-formålet, og byggegrense mot vassdrag.

Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN